



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:

01.07.2026

Vår ref:

2026/5590

Dykkar dato:

18.03.2026

Dykkar ref:

202525845

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Siri Wølneberg Bøthun, 5764 3287

Uttale til konsesjonssøknad for Låvi kraftverk - Aurland - Villreinnemnda

Me takkar for høve til å gje uttale til konsesjonssøknad for Låvi kraftverk.

Villreinnemnda er ei statleg oppnemnd nemnd med forvaltaransvar for villreinområda, jrf. Hjorteviltforskriften § 21. Ei av kjerneoppgåvene for nemnda er å arbeide for ivaretaking av villreinstammene og villreinen sine leveområde.

Villrein er utfyllande omtalt i plandokumentet og i vedlagt fagrapport for naturmangfald (v. Naturrestaurering AS). Det er positivt at ein anerkjenner sårbarheita til villreinen, og at ein vil freiste å ta omsyn til villrein under anleggsarbeidet. Anleggsområdet ligg innanfor Nordfjella villreinområde, i den sørlege delen, kalla sone 2. Villreinnemnda kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til vesentleg ny konflikt med villrein i driftsfasen. I anleggsfasen, som vil vare i 4 år, vil det derimot verte skapt mykje uro i området, som kan føre til at villrein unngår nærområda og vert hindra i viktige trekk.

Dersom det vert gjeve konsesjon er det viktig at det vert teke omsyn til villrein under anleggsperioden. Konsesjonssøknaden inneheld fleire gode grep som kan redusere faren for skadeverknad for villrein. Villreinnemnda har nokre innspel, og understrekingar i høve til desse.

Konsesjonssøkanden omhandlar etablering av eit nytt kraftverk som skal utnytte eksisterande utbygging, for å betre utnyttinga av vassressursen. Kraftmagasinet Viddalsvatn (Fretheimsvatnet) vil verte vasskjelda til kraftverket. Dette magasinet ligg i høgfjellet, og utgjer i dag ei trekkbarriere inne i Nordfjella villreinområde. Det er framleis tilgjengelege trekkruiter direkte nord for og direkte sør for i magasinet, og desse er då særst verdifulle (sjå figur 6). Anleggsområdet for det nye kraftverket inkluderer område i fjellet i nordenden av magasinet og nedanfor dette, og kan med det potensielt påverke villrein.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen
114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no



Skildring av dei delane av tiltaket som er relevant for villrein:

Henta frå konsesjonssøknaden:

«3.3.1 Overføringer/pumper

Låvi kraftverk innebærer ingen nye bekkeinntak, overføringer eller pumper.


3.3.2 Inntaks- / reguleringsmagasin

Låvi kraftverk vil ha inntak i Viddalsvatnet, som er et sentralt magasin i eksisterende system (se figur 2). Viddalsvatnet er i dag inntaksmagasin for Aurland 1, og utløpsmagasin for Aurland 2 Lave Fall, Aurland 2 Høye Fall og Reppa. Det er regulert mellom kote 868 (LRV) og kote 930 (HRV), og har et magasinivolum på 194 mill. m³. Viddalsvatnet det nest største reguleringsmagasinet i systemet. Det er ikke behov for å endre HRV og LRV. Det skal ikke etableres nye reguleringsmagasiner.»

I samband med ny vassveg vil dei fysiske tiltaka som vert synlege i fjellet, og med det innanfor villreinområdet, verte slik (sjå figur 1 for kartfesting):

- Inngang til adkomsttunnel til lukekammer i tilløpstunnel (indeks 2 i figur 1)
- Opning på adkomsttunnel til tilløpstunnel og sandfang (indeks 3 i figur 1)
- inngang til svingetunnel ved Tvinna (indeks 4 i figur 1)
- Trykksjakt (og trykktunnel) for nedre tilløpstunnel (indeks 5 i figur 1).


Indeks	Tunnel	Lengde	Tverrsnitt
1	Øvre tilløpstunnel fra Viddalsvatn til topp trykksjakt	2735 m	65 m ²
2	Adkomsttunnel til lukekammer i tilløpstunnel	75 m	35 m ²
3	Adkomsttunnel til tilløpstunnel og sandfang	320 m	35 m ²
4	Svingetunnel	860 m	35 m ²
5	Nedre tilløpstunnel (trykksjakt og trykktunnel)	3711 m	50 - 65 m ²
6	Adkomsttunnel til kraftstasjon	1470 m	60 m ²
7	Diverse tunneler i forbindelse med kraftstasjon	645 m	35 - 60 m ²
8	Utløpstunnel	4750 m	80 m ²
9	Adkomst til lukekammer i utløpstunnel	560 m	35 m ²
10	Kabeltunnel	4750 m	25 m ²
11	Adkomsttunnel til kabeltunnel	1035 m	25 - 35 m ²



Figur 1 Oversikt over tunneler i prosjektet, henta frå konsesjonssøknaden, figur 17 og tabell 3.



Prosjektet vil gje store mengder overskotsmasse, og det er planlagd fleire deponi. Eitt av desse ligg i Låvisdalen, og innanfor leveområdet til villrein. Arealet kor desse massane er tenkt deponert har nyleg vore nytta som deponi/anleggsområde/midlertidig lager i samband med rehabilitering av dam Viddalsvatn (2021-2023). Arealet er elles ein del av eksisterande deponi frå tidlegare kraftutbygging i Aurlandsvassdraget (Aurland 1 og Aurland 2). Det vil verte eit mindre riggområde i sør-austenden av deponi-arealet.



Figur 2 Deponi i Låvisdalen, plassert ved eksisterande deponi. Kartfigur frå konsesjonssøknaden.




Figur 3 Illustrasjon av nye deponi, frå konsesjonssøknaden. Illustrasjon med terrengmodell, v. Norconsult.



Figur 4 Fotoillustrasjon av deponi i Låvisdalen, henta frå konsesjonssøknaden (illustrasjon frå fagrapport landskap v. Norconsult).


Det er ikkje planlagd nye vegar. For riggområde vil ein nytte allereie opparbeidde område. Det er planlagd eit mindre riggområde i Låvisdalen for biloppstilling, spisebrakke, avfallshandtering og lagring av noko utstyr. Bustadrigg vil verte ekisterande rigg ved Grimsete, som ligg i inngangen til Låvisdalen (oppretta i samband med rehabilitering av Låvisdammen som nemnd over).



Figur 5 Lokalisering av riggområde inne i Låvisdalen, i samband med massedeponiet.



Villreinen sin bruk av området



Figur 6 Oversiktskart over trekkruiter i nærleiken av Låvisvatnet (kart frå Naturbase). Merk at trekket over vatnet markerer eit neddemt, tidlegare trekk. Fjellpartiet vest for magasinet står som ei "halvøy".


nøyaktige passasjer, men markerer retning og omtrentleg trasé. For detaljplanar av tiltak, til dømes der trekket kjem inn på damkrona, må ein lese terrenget i lag med lokalkjende.

Villreinen nyttar areala i fjellområdet kring Viddalsvatn (Fretheimsvatnet) både på barmark, om vinteren og i kalvings- og oppvekstperioden. Areal vest for magasinet er særleg viktige som vinterbeite. Det mest brukte kalvingslandet ligg i fjellområda aust for magasinet. Dette gjer at ein får eit vortrekk i dei åra fostringsflokkar (flokkar med hovudsakleg simple, kalv og ungdyr) har vore på vinterbeite i vest.

Sjølve Låvisdalen kan nyttast som vårbeite i korte periodar. Elles er det sjeldan dyr nede i dalen.

Viddalsvatn er eit magasin der tre tidlegare vatn er slege saman. Trekk mellom vatna er med det mista. Figur 6 syner ei trekkroute på tvers av dammen. Denne kartfiguren markerer eit tidlegare trekk, som er tapt. Det viktigaste trekket om våren er det nordlegaste, som kryssar Låvisdalen djupt nede i dalen. Dyra kan og i einskildtilfelle krysse damkrona. Det kan synast som om denne ruta er brukt meir etter at ein fekk ny damkrone etter rehabilitering.

Figur 7 syner dei trekka som kan verte brotne under anleggsarbeidet. Merk at trekka er teikna i målestokk 1:50.000. Figurane syner difor ikkje



Figur 7 Trekk som kan verte påverka av anleggsarbeidet.

Tiltaket i forhold til villrein

Konsesjonssøknaden beskriver forholdet til villrein i driftsfasen, jfr. konklusjonar i fagrapport for villrein frå Naturrestaurering AS. Søkjar gjev og nokre merknadar ut frå sin lokalkunnskap og ut frå reell framtidig drift (s. 88 og 89 i søknaden).

Mellom anna vert det sagt:

«Det er ifølgje tiltakshaver usannsynlig at deponiet vil bli brukt til framtidig masseuttak, og dette er en forutsetning i vurderingene. Dersom deponiet hadde blitt åpnet for masseuttak i fremtiden vil dette medføre ytterligere uheldig negativ påvirkning på villrein. De små tiltaksområdene tverrslag, drenshull og inngang lukekammer er isolert sett ubetydelige i denne sammenheng, men det er viktig at særlig inngangen til lukekammer i eksisterende tunnel vest på demningen ikke gjøres vesentlig



større enn i dag, med fare for å snevre inn reinens mulighet til å trekke opp på fjellet sør for tunnelåpningen og over damkrona.»

I kapittelet om naturmangfold, avsnitt om konsekvensar, omtaler søkjar eigen prosedyre for gjennomføring og oppfølging av villreinobservasjonar i samband med dam-rehabilitering i Aurland, gjennomført over mange år. Villreinnemnda erfarer at dette har fungert godt. Prosedyren inneber at anleggsarbeidet vert stansa mellombels ved observasjon av villrein. Stans og igangsetting vert gjort i samråd med Aurland fjellstyre, som har oppsynspersonell. Det er etter det villreinnemnda kjenner til, gjeve tilgang til data frå GPS-merkte dyr i sanntid som bidrag til overvakinga. Ein vil truleg har god oversikt over hovudflokane i området.

Sjølv om ein har gode rutinar er det ikkje til å unngå at ein får einskildtilfelle der dyr vert skremde, og området vil opplevast som «farleg» for villreinen sjølv om anlegget står stille, pga. endringar i landskapet og menneskeleg lukt.

Deponiet er lokalisert slik at det ikkje kjem i konflikt med den mest nytta trekkruta over Låvisdalen. Det er heller ikkje vesentleg konflikt med tanke på framtidig beitebruk i dalen med den lokaliseringa, og arronderinga som er lagt til grunn. I anleggsfasen vil transport i dalen og bruken av deponiet skape stor uro, og det er viktig at denne aktiviteten vert lagt til periodar med lågt sannsyn for villreintrekk. Den viktigaste årstida for bruk av dette trekket er sein vinter og vår, då det vert nytta frå vinterbeite på «halvøya» Tarven-Liahovden (med Tvinna) til kalvingsland i dei nord-austlege delane av sone 2. I oversikten over anleggsarbeidet i tabell 5 (s. 45) i søknaden heiter det at ein i detaljplanen vil vurdere om det er mogleg med sesongdrift, av omsyn til villrein og skredfare vinterstid.

Inngangen til lukekammer vil ligge i eksisterande tunnel med inngang på vestsida av Låvisdammen. Ved einskilde høve kan villrein trekke over damkrona. Fjellskjeringa ved inngangen bør difor ikkje utvidast. Det er viktig at evt. justeringar av tunnelinngangen ikkje fører til redusert tilkomstmoglegheita, då denne er svært snever allereie i dag. Detaljplanlegginga bør gjerast med rådføring med lokalkjende.

Det skal byggjast overbygg og inngjering til luftesjakt ved Tvinna. Det er ikkje venta at dette punktinngrepet vil skape konflikt med villrein. Anleggsperioden for tiltaket vil vere kort (1 månad er anslege), men all transport må skje med helikopter. Perioden kan tilpassast slik at ein unngår konflikt med villrein. Det er og føreslege å forsiktig «dytte» evt. villreinflokkar i ynskt retning i forkant av arbeidet. Villreinnemnda vil åtvare mot eit slikt tiltak. Dette vil være ein form for jaging av ville dyr, uansett om det er skånsamt, og vil være i strid med gjeldande lovverk. Det som skjer av denne type påverknad på villrein i dag vert gjort etter særskilt instruks frå Miljødirektoratet med deira heimel i Naturmangfaldlova, som eit verkemiddel i handtering av skrantesjuka.

Tilrådingar

Villreinnemnda vil rose søkar for eit stort fokus på villrein, der ein freistar å unngå skadeverknadar i størst mogleg grad. Erfaringar frå tidelgare arbeid med damrehabilitering ved Låvisdammen vert nytta, og gode rutinar for overvaking av villreinen og tett dialog med villreinforvaltinga og fjellstyre er meint vidareført i dette prosjektet. Me føreset at dei omsyna som går fram i planen vert fylgde, men har nokre innspel til detaljplanlegginga:

- Det er viktig med god detaljplanlegging for inngang til lukekammer på vestsida av Låvisdammen for å oppretthalde tilkomsten til den smale trekkpassasjen over damkrona.



- Det må være tilstrekkeleg fleksibilitet i tidsplanen til at ein kan utsette periode for anleggsarbeidet på Tvinna dersom det skulle gå villreinflokk(ar) i området på aktuelt tidspunkt. Trasé for helikopterflyging bør leggjast med minst mogleg overflyging av fjell.
- Ein må unngå drift i Låvisdalen i perioden 1. april til 20. juni. Dette inklusive det året ein legg opp til vinterdrift.

Søknaden sannsynleggjer at det ikkje vil verte aktuelt å nytte massane i deponiet i Låvisdalen til framtidig massetak. Dette bør leggjast som ein føresetnad for konsesjonen.

Med helsing

Trygve Skjerdal
Leiar

Siri Wølneberg Bøthun
Sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland
Villreinutvalet for Nordfjella
Aurland kommune
Vestland fylkeskommune

co/Aurland fjellstyre, Onstadvegen 25
Vangen 1
Postboks 7900

5745	AURLAND
5745	AURLAND
5020	BERGEN